



Haakon Aase  
Kåre Nes

Dato: 09.06.2015  
Vår ref.: 2014/19667-131  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Oppsetting av kvelvbru. Opplæringsprosjekt i tradisjonelt handverk. Tilråding

Hordaland fylkeskommune er kjend med planane for oppsetjing av ny kvelvbru på Nes i Mundheim, Kvam herad. Slik vi vurderer planane er dei godt grunnjevne og vil innebere eit løft for det lokale tradisjonshandverket. Kvelvbrua vil dessutan vere eit verdifult element i kulturlandskapet.

Tiltaket søkte om støtte frå Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning *Vern og vøling av faste kulturminne* i 2015. Sidan dette er eit nybyggingsprosjekt fell det utanfor stønadsordningar som skal dekke meirkostnadar i samband med istandsetting av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har likevel eit sterkt engasjement for å dokumentere, utvikle og vidareføre tradisjonskunnskap; av di den har verdi i seg sjølv, men også sidan slik kunnskap er ein viktig premiss for gjennomføringa av godt kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune gjev si sterke tilråding og vonar at prosjektet let seg gjennomføre med økonomisk støtte frå gode samarbeidspartnarar.

*Med venleg helsing,*

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*